

Møtebok 2-23, Lykling sokneråd 08.02.23, Lykling kyrkje

Rådsmedlem som møtte:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, , Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Opning: Astri L. Sakseide les frå Matteus 28 og salme 119 og ei salme av Mathias Orheim (salme 424)

Saksliste:

Sak 10-23 Godkjenning av referat og innkalling.

Ingen merknader til referat eller innkalling.
8 punkt til Ymse.

Sak 11-23 Meldingar og skriv

*Kyrkjevertlista frå S.S. Gåsland sendt ut.

Bytte av dato mellom H.K.E som tek 10.04.23 og I.J.S som tek 17.05.23. Inger kan vere kyrkjevert på gudstenesta 19.02.

*Prestane skriv omtale til avisa gjeldande valet til nye sokneråd.

*Invitasjon til SR-leiarar til vigsling av ny biskop 15.-16.april. Takka for invitasjonen, og har meldt at eg ikkje kan takka ja.

*Leiar har reservert båtar til konfirmantane 2023/24. Dato laurdag 09.09.23.

Potensielt 9 konfirmantar i Lykling 2024.

*Øystein Skullerud har bedt om å få låna kyrkja til kor øvingar utetter våren. Måtte endra 2 datoar, 8.02 og 8.03. grunna SR-møte. Elles ok. Lagt inn i medarbeidaren.

*Takkebrev frå Bibelselskapet og normisjon for offergåver hausten 2022.

*Mail frå kyrkjekontoret i Bømlo gjeldande pynting av kyrkjene, sjå sak 14-23.

*Fasteaksjonen 28.mars. Ansvar S.S. Gåsland. Vert sett opp som sak til mars-møtet: konfirmantkullet er lite og me treng fleire hjelparar for å dekkja alle rutene.

Sak 12-23 Ingen som har noko å melda frå sitt ansvarsområde.

Sak 13-23 Val 2023

8 som har stadfesta at dei kan stå på lista. Eit par har sagt at dei kan stå på lista om det er heilt krise. Leiar har motteke sjekklista med dei ulike datoane!

Valkurs 31.januar: Største endringar at ein går frå 5 til 4 varafolk.

Sak 14-23 Pynt i kyrkjene på Bømlo

Sokneråda vert oppmoda til å sjå på kva som finst av pynt i eiga kyrkje. I Lykling er det ikkje kunstige lys eller blomar.

Sak 15-23 Temakveld 23.02.2023

Tema: Diakoni. Gjester: Sissel Fylkesnes Våge og Øystein Lund Olafsen
Astri ønsker velkommen og takker av. Det vert og gitt blomster.
Annonsering av temakvelden i Bømlo-Nytt (Fridleif). Annonsering på FB.
Plakatar. Annonsering kunngjeringane frå kyrkja. Datoen må inn i kyrkja sin kalender.

Sak 16-23 Årsmøte 19.mars 2023

Rekneskap (Linda) og årsmelding (Sissel og Fridleif) skal leggst ut 3 veker før årsmøte. Kyrkjekaffi etter gudstenesta – før årsmøte.

Sak 17-23 Ymse

1. Påskjønning til Kristoffer etter å ha hjelpa til med pianomusikk ved ulike arrangement. Etter å ha rådført med kantor vedtek me å gi Kristoffer ei påskjønning på kr 1500,-
2. Flomlysa vert reparert. Det er ikkje høve til å investera i nye.
3. Mail i frå Aksel Lygre: ønsker å komma på eit soknerådsmøte for å orientera om arbeidet i Estlandskomiteen. Me inviterer han til soknerådsmøtet 12.april. kl 19.00.
4. Soknerådet har fått førespurnad om å støtta Londonturen for 17 åringane. I år er det meldt på 57 ungdommar, og ein reknar med å senda 9 vaksne. Det er utgiftene til dei vaksne ein ønsker stønad til. Soknerådet vedtek å støtte Londonturen.
5. Me er informert om aksjonen «Saman for kirken i hele verden»: ein verdsomfattande misjonsaksjon. Soknerådet vedtek at me ikkje kan bli med i år. Me konsentrerer oss om fasteaksjonen og samarbeidet med Sangaste.
6. Innbrotsalarmen gjekk under kyrkjekaffien søndag. Ved undersøkingar måndag vart det indikert at det hadde vore ein sabotasje, som må vere ein feil. Viktig at ein ringer 110 i slike høve for å stansa ei unødvendig utrykking.
7. Det er kommen ønske om å arrangera Open kirke etter Babysong annakvar måndag. Dette vart prøvd 09.02. der det kom 5 stk. ein ønsker å gjenta dette.
8. Det var mykje skurring i presten sin «mygg» under gudstenesta søndag. «Myggen» er utdatert og må skiftast.

***Neste soknerådsmøte onsdag 08.03.23 kl 19:00.**

*Ord til opning på neste møte: Heidi